

# Nord-Fron kommune

## Politisk sak

### Detaljreguleringsplan for Vinstraparken - 2. gongsbehandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal	143/20	29.10.2020
Kommunestyret	094/20	03.11.2020

Saksbehandlar	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	20/22231

#### Vedlegg:

Detaljreguleringsplan for Vinstraparken - samandrag og merknader ved offentleg ettersyn

Detaljreguleringsplan for Vinstra park - 1. gongsbehandling

Plankart nivå 2, alt. 1

Plankart nivå 2, alt. 2

Plankart nivå 1

Vinstra park planbestemmelser

Vinstra park planbeskrivelse

Vinstra park ROS-analyse

Støyutredning Vinstra Park med vedlegg

L06 Plan overvannshåndtering

200612 Illustrasjonsplan Vinstra med boliger på brinken

200612 Illustrasjonsplan Vinstra uten boliger på brinken

L11 Prinsippsnitt\_tverrgater

L12 Prinsippsnitt\_Vinstragata

Kommunedirektøren legg saka fram for utval for miljø, landbruk og areal med slik

#### Innstilling:

1.	<p><b>Utval for miljø, landbruk og areal vedtek</b> å imøtekomme motsegnene frå Fylkesmannen i Innlandet ved å leggje følgjande forslag til endringar i føresegnene, ut til nytt offentleg ettersyn, jf. pbl §12-10:</p> <p><i>§3.1.1 a) <u>Alternativ 1</u>: «Grad av utnytting skal være minst % BYA = 35 % og maks% BYA 55 %.» <u>Alternativ 2</u>: «Grad av utnytting skal være minst % BYA = 45 % og maks% BYA 60 %.»</i></p> <p><i>-§3.1.1 c) «Bygninger tillates oppført i minimum 2 etasjer og maks 3 etasjer».</i></p> <p><i>- §3.1.1 h) «Det skal legges vekt på at bebyggelsen i området fungerer støyskjermende for uteoppholdsareal innenfor BKB1-3. Ved søknad om tiltak skal det i situasjonsplan vises at det er tilgjengelig uteoppholdsareal for boliger, med grenseverdier i tråd med T-1442.</i></p> <p><i>- §3.1.2 b) «Fasade langs Vinstragata skal ligge i bygglinje/formålslinje».</i></p> <p><i>-§4.6: «Mellom kollektivholdeplass og friområdet skal det etableres leskur/paviljong, jf. illustrasjonsplan, som også virker støyskjermende. Det skal legges til rette for sammenhengende gang-/sykkelveg i bakkant av leskur/leveg».</i></p> <p><i>-§5.2.1 «I gul støysone tillates det tilrettelagt for parkaktiviteter som kan gi støy,</i></p>
----	---

2.	<p><i>som for eksempel pumtrack eller lignende etablering skal det legges vekt på at terrengforming reduserer støynivået i området».</i></p> <p>Etter dette rår utval for miljø, landbruk og areal <i>kommunestyret</i> til å gjere slikt vedtak:</p> <p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for Vinstraparken, slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn som alternativ 1 (plankart) med tilhøyrande plandokument, med følgjande mindre endringar i plandokumenta:</p> <p><u>Planforklaring blir endra slik:</u>  <i>Kapittel om trafikale forhold blir utdjupa.</i></p> <p><u>Planføresegnene blir endra slik:</u>  <i>-§7.8 blir innarbeida slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i>  <i>-§7.10 blir innarbeida med slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i>  <i>-Ny §7.14 «Trafikale tiltak som sikrer fartsnivå og tiltak som ivaretek trafikksikkerheita for gåande og syklende, busshaldeplass og nye tilkomstar/kryss til utbyggingsområda, samt situasjonsplan og byggeplan for tiltak som berører fylkesvegen og kollektivanlegget, skal godkjennast av IFK v/ Samferdselsavdelinga, i tillegg skal det lages gjennomføringsavtale».</i>  <i>-§12.2 «Ved utbygging skal det vurderast alternative energiløysingar, utover elektrisk energi.»</i>  <i>-Byggjegranser skal gå fram av «fellesbestemmelser».</i></p> <p><u>Plankartet blir endra slik:</u>  <i>-Det skal teiknast inn siktsoner mellom SKV2 og SKV3 og gang-/sykkelvegen langs fv. 255.</i>  <i>-Ny tilkomst til Vinstrahallen justeres i tråd med Handbok N 100 frå SVV.</i>  <i>-Byggjegranser visast i plankartet.</i></p>
3.	<p>Dei tema i planen som det er knytta motsegn til, blir unnteke frå rettsverknad. Desse tilhøva blir handtert gjennom nytt offentleg ettersyn, og før det blir gjort endeleg vedtak på heile planen.</p>
4.	<p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-14 at delar av følgjande reguleringsplanar bli oppheva:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Områdeplan for Lomoen næringsområde, 24.06.2014.</li> <li>- Detaljreguleringsplan for BF4 og BF5, 26.04.2016.</li> <li>- Reguleringsplan for Lomoen næringsområde, 22.02.2011.</li> <li>- Reguleringsplan for Vinstra vest – endring/omlegging Rv. 255, 21.10.1974.</li> </ul>
5.	<p>Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.</p>

## Utval for miljø, landbruk og areal 29.10.2020:

### Behandling i møte:

Kommunedirektør Arne Sandbu ga ein kommentar til saka, og viste m.a. til notatet som var sendt KOM medlemmane 28.10.20. Bjørn Bjørke ga ei orientering knytt til det nemnde notatet.

Planleggar Hanne Kristine Risdal ga ei orientering om saka.

MLA vedtok samrøystes innstillinga, med den endringa at strekpunkt 3 under punkt 4 i innstillinga, som blir punkt 3 i vedtaket, går ut.

### MLA- 143/20 Vedtak:

1.	<p>Utval for miljø, landbruk og areal rår <i>kommunestyret</i> til å gjere slikt vedtak:</p> <p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for Vinstraparken, slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn som alternativ 1 (plankart) med tilhøyrande plandokument, med følgjande mindre endringar i plandokumenta:</p> <p><u>Planforklaring blir endra slik:</u> <i>Kapittel om trafikale forhold blir utdjupa.</i></p> <p><u>Planføresegnene blir endra slik:</u> <i>-§7.8 blir innarbeida slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i> <i>-§7.10 blir innarbeida med slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i> <i>-Ny §7.14 «Trafikale tiltak som sikrer fartsnivå og tiltak som ivaretek trafiksikkerheita for gåande og syklande, busshaldeplass og nye tilkomstar/kryss til utbyggingsområda, samt situasjonsplan og byggeplan for tiltak som berører fylkesvegen og kollektivanlegget, skal godkjennast av IFK v/ Samferdselsavdelinga, i tillegg skal det lages gjennomføringsavtale».</i> <i>-§12.2 «Ved utbygging skal det vurderast alternative energiløysingar, utover elektrisk energi.»</i> <i>-Byggjegranser skal gå fram av «fellesbestemmelser».</i></p> <p><u>Plankartet blir endra slik:</u> <i>-Det skal teiknast inn siktsoner mellom SKV2 og SKV3 og gang-/sykkelvegen langs fv. 255.</i> <i>-Ny tilkomst til Vinstrahallen justeres i tråd med Handbok N 100 frå SVV.</i> <i>-Byggjegranser visast i plankartet.</i></p>
2.	<p>Dei tema i planen som det er knytta motsegn til, blir unntekte frå rettsverknad. Desse tilhøva blir handtert gjennom nytt offentleg ettersyn, og før det blir gjort endeleg vedtak på heile planen.</p>
3.	<p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-14 at delar av følgjande reguleringsplanar bli oppheva:</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Områdeplan for Lomoen næringsområde, 24.06.2014.</li> <li>- Detaljreguleringsplan for BF4 og BF5, 26.04.2016.</li> <li>- Reguleringsplan for Vinstra vest – endring/omlegging Rv. 255, 21.10.1974.</li> </ul>
4.	Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.

#### Kommunestyret 03.11.2020:

##### Behandling i møte:

Leiar av MLA, Magnar Bratlien, ga ei innleiing til saka og viste til vedtak frå utvalet sitt møte 29.10.20. Han sa at det har kome reaksjoner på navnet og han forslår at det skal heite Vinstra park istaden for Vinstraparken.

Ragnar Jacobsen Nord-Fron H ga ein kommentar til saken der han også la fram forslag om at det skal heite Vinstra park.

Innstilliga frå MLA vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Magnar Bratlien Nord-Fron AP og Ragnar Jacobsen Nord-Fron H om at namnet skal vere Vinstra park vart samrøystes vedtatt.

#### KOM- 094/20 Vedtak:

1.	<p><b>Utval for miljø, landbruk og areal vedtek</b> å imøtekomme motsegnene frå Fylkesmannen i Innlandet ved å leggje følgjande forslag til endringar i føresegnene, ut til nytt offentleg ettersyn, jf. pbl §12-10:</p> <p><i>§3.1.1 a) <u>Alternativ 1</u>: «Grad av utnytting skal være minst % BYA = 35 % og maks% BYA 55 %.» <u>Alternativ 2</u>: «Grad av utnytting skal være minst % BYA = 45 % og maks% BYA 60 %.»</i></p> <p><i>-§3.1.1 c) «Bygninger tillates oppført i minimum 2 etasjer og maks 3 etasjer».</i></p> <p><i>- §3.1.1 h) «Det skal legges vekt på at bebyggelsen i området fungerer støyskjermende for uteoppholdsareal innenfor BKB1-3. Ved søknad om tiltak skal det i situasjonsplan vises at det er tilgjengelig uteoppholdsareal for boliger, med grenseverdier i tråd med T-1442.</i></p> <p><i>- §3.1.2 b) «Fasade langs Vinstragata skal ligge i bygglinje/formålslinje».</i></p> <p><i>-§4.6: «Mellom kollektivholdeplass og friområdet skal det etableres leskur/paviljong, jf. illustrasjonsplan, som også virker støyskjermende. Det skal legges til rette for sammenhengende gang-/sykkelveg i bakkant av leskur/levegg».</i></p> <p><i>-§5.2.1 «I gul støysone tillates det tilrettelagt for parkaktiviteter som kan gi støy, som for eksempel pumptrack eller lignende etablering skal det legges vekt på at terrengforming reduserer støynivået i området».</i></p>
2.	<p>Etter dette rår utval for miljø, landbruk og areal <i>kommunestyret</i> til å gjere slikt vedtak:</p> <p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for Vinstraparken, slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn som alternativ 1 (plankart) med tilhøyrande plandokument, med følgjande mindre endringar i plandokumenta:</p>

	<p><u>Planforklaring blir endra slik:</u>  <i>Kapittel om trafikale forhold blir utdjupa.</i></p> <p><u>Planføresegnene blir endra slik:</u>  <i>-§7.8 blir innarbeida slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i>  <i>-§7.10 blir innarbeida med slik setning: «...godkjent situasjons- og byggeplan for fylkesvegen».</i>  <i>-Ny §7.14 «Trafikale tiltak som sikrer fartsnivå og tiltak som ivaretek trafikkikkerheita for gåande og syklande, busshaldeplass og nye tilkomstar/kryss til utbyggingsområda, samt situasjonsplan og byggeplan for tiltak som berører fylkesvegen og kollektivanlegget, skal godkjennast av IFK v/ Samferdselsavdelinga, i tillegg skal det lages gjennomføringsavtale».</i>  <i>-§12.2 «Ved utbygging skal det vurderast alternative energiløysingar, utover elektrisk energi.»</i>  <i>-Byggjegranser skal gå fram av «fellesbestemmelser».</i></p> <p><u>Plankartet blir endra slik:</u>  <i>-Det skal teiknast inn siktsoner mellom SKV2 og SKV3 og gang-/sykkelvegen langs fv. 255.</i>  <i>-Ny tilkomst til Vinstrahallen justeres i tråd med Handbok N 100 frå SVV.</i>  <i>-Byggjegranser visast i plankartet.</i></p>
3.	<p>Dei tema i planen som det er knytta motsegn til, blir unnteke frå rettsverknad. Desse tilhøva blir handtert gjennom nytt offentleg ettersyn, og før det blir gjort endeleg vedtak på heile planen.</p>
4.	<p>Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-14 at delar av følgjande reguleringsplanar bli oppheva:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Områdeplan for Lomoen næringsområde, 24.06.2014.</li> <li>- Detaljreguleringsplan for BF4 og BF5, 26.04.2016.</li> <li>- Reguleringsplan for Vinstra vest – endring/omlegging Rv. 255, 21.10.1974.</li> </ul>
5.	<p>Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.</p>
6.	<p>Namnet skal vere Vinstra park.</p>

#### **Bakgrunn for saka:**

Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) vedtok i møte 22.6.2020 å leggje forslag til detaljreguleringsplan for Vinstraparken ut til offentleg ettersyn i perioden 1.7 - 28.8.2020.

Hovudformålet med planen er å leggje til rette for utvikling av ein del av det som er definert som Vinstra sentrum gjennom kommunestyret sine vedtak om prosjektet Vinstra 2046 og arealdelen av kommuneplan 2018-2029. Grunnlag for planforslaget er blant anna illustrasjonsplan som spring ut i frå arkitektkonkurranse som kommunen arrangerte i 2019.

Under planarbeidet har det vore gjennomført folkemøte, møte med næringsinteresser, samt at planutkast har vore drøfta i regionale planforum. Planforslaget er utarbeida med bistand frå Rambøll AS, i samarbeid med RAM-arkitektfirma AS.

MLA vedtok i møte den 15.10.2020, sak 138/20, å utsetje behandlinga. Etter dette har administrasjonen med bakgrunn i motsegnene, foreslått å endre innstilling frå sak 138/20 noko. Saksframlegget er derfor også justert, i samsvar med justert innstilling.

### **Innhald i planforslag:**

Plankart har vore utarbeida i to vertikalnivå; på grunnen og under grunnen. Nivå under grunnen legg til rette for å føre Givra i ny kulvert nordvest i planområdet.

Området ved TIP-tomta er i plankart og føresegner framstilt i 2 alternativ.

- Alternativ 1 viser arealet for tidlegare TIP-bygningar som grønstruktur som kan integrerast i parken.
- Alternativ 2 viser det same området med bustadformål og tilkomst frå Sundheimsvegen.

Planforslaget legg til rette for tiltak som er detaljert i vedlagt illustrasjonsplan, datert 12.6.2020:

- Flaumsikring av Givra i eit nytt parkdrag.
- Parkområde ved Vinstrahallen med gangveg, leikeplass, bevaring av eksisterande tre/furumo, kryssing av Givra og område for ballaktivitet og pump track.
- Arrangementsplass ved Vinstrahallen og amfi i skråning opp mot Gamle Skåbuveg.
- Eksisterande bustader er regulert bort, på grunn av konflikt med flaumsikringstiltak, gangveg og amfi.
- Samanhengande gang-/sykkelveg mellom ulike funksjonar internt, og som knytast til gang-/sykkelnett utanfor planområdet.
- Utviding av Vinstrahallen med funksjon for helsehus, (jf. tidlegare vedtak i kommunestyret om lokalisering) og framtidig fleirbrukshus.

### **Planfagleg vurdering:**

For å kunne utvikle området i Vinstra vest, er det nå viktig å få lagt til rette for å kome i gang med flaumsikring av **del 2** av Givra. Anleggsarbeidet i del 1 er godt i gang og del 3 er forventa oppstart av gravearbeid i løpet av kort tid. Det er avgjerande for vidare utvikling av området, at også del 2 gjennom planområdet for Vinstraparken blir sikra. Planlagt oppstart av arbeid er januar 2021. Det er derfor behov for å få ein snarleg behandling av reguleringsplanen.

### Området ved gamle TIP-bygga (BKS).

For området nemnd som **BKS** (gamle TIP-tomta), har planforslaget vore lagt ut i 2 alternativ. Alternativ 2 legg til rette for bustader. Innslag av bustader kan vere positivt for det nye friområdet, da det vil kunne gje liv og vere «auge» gjennom døgnet.

Dersom kommunen vedtek dette alternativet, er det svært viktig at plassering og utforming blir gjort slik at parkområdet ikkje privatiserast.

Vidare er det vesentleg at det blir lagt vekt på at bygningar form, storleik og materialval som bidreg positivt inn i området. Tilkost er vist via Sundheimsvegen, og det vil vere bru over Givra. Fylkesmannen har i sin merknad **motsegn** mot utnyttingsgraden. Han krev at føresegnene legg til rette for minimum 4 bueiningar per daa. Dersom kommunen vedtek alternativ 2, bør motsegna imøtekomast.

Fylkesmannen i Innlandet (FMI) og Innlandet fylkeskommune (IFK), viser i sine merknader til at med omsyn til barn og unge, vil det vere mest tenleg at området nyttast som ein del av parkarealet, dvs som alternativ 1. IFK meiner det *ikkje* er tenleg med bustadbygging på BKS-området. Dette er grunngeve med at Vinstra ikkje er eit

pressområde og behovet for bustader utover **BKB**-områda ikkje er sannsynleggjort. Dersom området på sørsida av Vinstragata (BKB-1-3) skal realiserast, meiner IFK at bustadbygginga bør konsentrerast der. Det kan også vere uheldig å blande fleire arealformål i parken. Frå planfagleg side er ein samd i denne vurderinga. Ved alternativ 1 må terrenget restaurerast med noko oppfylling. Det kan gjerast med masseoverskot frå bygging av flaumsikringa. Vidare må ein sjå på korleis området kan aktiviserast for å bli ein del av parkdraget. Arealet vil bidra til å gje ein god visuell og funksjonell samanheng mellom Vinstra vgs og den nye parken. Frå planfagleg side, heller ein mot å vedta alternativ 1, dvs. som friområde/park.

Totalt kom det 9 merknader ved offentleg ettersyn. Som det går fram av vedlagt notat, har Fylkesmannen fremja motsegn mot planforslaget:

- Motsegn mot **for låg utnyttingsgrad min. 35 %-maks. 45% for områda BKB-1-3**. FMI meiner kommunen må *auke utnyttingsgraden vesentleg* ved å setje krav til etasjetal, auke % BYA, evt. krav om at min. % del av parkering skal skje under bakken. Det er *ikkje* vist til konkrete tal på kva FMI kan akseptere for å trekkje motsegna. I korrespondanse med FMI er det vist til retningslinjer i regionalplan for attraktive byer og tettstader i Oppland, der anbefalt utnyttingsgrad for sentrumsområder er 150-200 % BRA, dvs dekning av heile tomtarealet i 1,5-2 etasjar. Utnyttingsgraden har vore vurdert av arkitektfagleg kompetanse i samband med utarbeiding av planforslaget. Skisser og illustrasjonsplanar for ulike scenario for utbyggingsgrad har vore presentert, blant anna 2 gonger på regionalt planforum. Sjølv på lang sikt, meiner ein at det er urealistisk å forvente ei utbygging i desse områda, som er i tråd med retningslinjene i regional plan for attraktive byar og tettstader i Oppland (%BRA 150-200). Bebyggelsen bør heller skalerast til ein utnyttingsgrad som Vinstra og liknande stader kan identifisere seg med. Noko av tanken med moderat utnytting av området, er også å danne ei motvekt med meir menneskeleg skala enn bebyggelsen mot E6. Høg utnyttingsgrad bør også vektast opp mot omsynet til å sikre gode nok uterom, lystilhøve og miljøkvalitetar, i tråd med nasjonale forventningar. Foreslått maks krav til etasjetal er t.d sett for å kunne leggje til rette for gode og luftige uterom mellom bygga og ivareta gode lysforhald. Etter ei nærmare vurdering, bør det likevel vere aktuelt å kunne imøtekomme motsegna utan at dette går utover intensjonen og kvalitetane i området, ved å setje krav til minimum 2 og maks 3 etasjar, samt auke % BYA slik: alternativ 1: min 35- maks 55 , alternativ 2: min 45 – maks 60.
- Motsegn mot **for låg utnytting av BKS**, med krav om min. 4 bueiningar per daa, dersom alternativ 2 blir vedteke. Frå planfagleg side, rår ein til å vedta alternativ 1, og motsegna vil da falle bort. Dersom kommunen likevel vedtek alternativ 2, bør denne motsegna kunne imøtekomast.

Motsegn mot **manglande føresegner mot støy på uteopphaldsareal**, dvs for områda BKB 1-3 og friområda GF1-6, jf. T-1442/16 – *retningslinjer for behandling av støy i arealplaner*. Det er heller *ikkje* i denne motsegna vist til, eller foreslått konkrete tiltak til endringar som gjer at motsegna kan trekkjast. Når det gjeld «parkområdet», er delar av arealet omfatta av «gul støysona». For å få noko særleg effekt av evt. skjermingstiltak mot parken, må dette plasserast så nært støykjelda som mogleg, noko som vil vere utfordrande her. Planfagleg meiner ein det er uheldig dersom ein må gjennomføre skjermingstiltak som til dømes støyvoll eller støyskjermar langs Vinstragata, da eit viktig formål med parken er at den skal vere «ope» og bindast saman med areala sør for Vinstragata. Arrangementsområdet, område skissert for leikeplass, Givra og amfi ligg utanfor støysona. Dette er dei areala som truleg vil få den mest intensive bruken. I områda som er omfatta av støysona, er det i

illustrasjonsplanen foreslått grasflate og pumtrack, der aktiviteten i seg sjølv vil gje noko støy. I tillegg er det vist leskur/levegge for kollektivhaldeplassen. For å i møtekomme motsegna, tilrår ein at det blir lagt inn følgjande føresegner i §4.6: «Mellom kollektivholdeplass og friområdet skal det etableres leskur/paviljong som også virker støyskjermende.» §5.2.1 «I gul støysone tillates det tilrettelagt for parkaktiviteter som kan gi støy, som for eksempel pumtrack eller lignende etablering. Det skal legges vekt på at terrengforming reduserer støynivået i området».

Støyvurderinga viser at det er mogleg å oppnå tilfredsstillande uteoppholdsareal på BKB1-3, ved at bygningar blir plassert slik at dei verkar støyskjermende. Ein tilrår å imøtekomme motsegna ved at det blir lagt inn følgjande formulering i §3.1.1 h) og §3.1.2 b): «Det skal legges vekt på at bebyggelsen i området fungerer støyskjermende for uteoppholdsareal innanfor BKB1-3. Ved søknad om tiltak skal det i situasjonsplan vises at det er tilgjengelig uteoppholdsareal for boliger, med grenseverdier i tråd med T-1442».

I notatet med samandrag og vurdering av merknader er det forslag om mindre justeringar i plankart og føresegner, i tillegg til dei ovannemnde. For å halde planlagt framdrift for flomsikringstiltaka i Givra, bør dei delane av planforslaget som det ikkje er knytt motsegn til, leggjast fram for sluttbehandling, jf. pbl §12-12. Samtidig bør kommunen vedta at dei tema som omhandlar motsegn ikkje får rettsverknad, men blir handtert gjennom nytt offentleg ettersyn.

**Kommunedirektøren si vurdering:**

Kommunedirektøren viser til den planfaglege vurderinga. Jf. ovannemnde, er det nå vesentleg å få eit planvedtak i denne saka, særleg med tanke på sikringsarbeidet for Givra, der dette er vorte eit særst mykje meir omfattande prosjekt, både planmessig og ved gjennomføring, enn fyrst forventa. Det er krav om ferdigstilling av heile strekningen innan 31.12.2021.

Kommunedirektøren støtter den planfaglege tilrådinga om å i møtekomme motsegnene frå FMI, ved å leggje forslag til endringar i føresegnene ut til nytt offentleg ettersyn. Ein moderat utnyttingsgrad er med på å skalere bebyggelsen i BKB1-3 til noko som Vinstra kan identifisere seg med. Vi må erkjenne at Vinstra f.t. ikkje er noko pressområde for utbygging. Vi planlegg på lang sikt, ja. Men med blant anna eit folketalsperspektiv, vil det truleg vere urealistisk med ei fullt ut utbygging i tråd med t.d retningslinene i regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland. Kvalitet, trivelege og gode uterom bør vektleggjast i vurderinga av utnyttingsgraden.

Kommunedirektøren i Nord-Fron  
Arne Sandbu